

Referat frå SMU/SU-møte nr 1, skoleåret 2023-24

Fellesrommet på Samnanger Barneskule **15/11-2023, kl 18:00 – 19:30**

Tilstades:

Cecilie M Fonn, Henrik A Fossdal og Eirik Østerås (representantar frå elevrådet) Hege S. Kolle, Anne Lene Grønlien og Magnhild Kvalvåg (representantar for dei tilsette). Shirin Kvernes Khadoor, Eli Kristin Berge (Samnanger kommune), Irmelin A. Bjørkmo, Ingrid Rondestveit (FAU), Trond Sandvik (koordinator for elevrådet) ref. Eli kristin Berge

Agenda:

- 2023/24-01 Innkalling godkjent!**
- 2023/24-02 Val av leiar og nestleiar:** Eli Kristin Berge – leiar og Irmelin A. Bjørkmo - nestleiar, val ved akklamasjon.
- 2023/24-03 Orientering om oppgåver til SU/SMU v/ rektor**
(samarbeidsutvalet, skulemiljøutvalet) - OK.

- 2023/24-04 Budsjett Samnanger Barneskule 2024**
Samarbeidsutvalget har lovfesta rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen. For at uttaleretten skal bli ivaretatt må budsjettforslag leggjast fram for samarbeidsutvalget før endeleg vedtak kan gjerast i kommunestyret. Budsjettet bli drøfta i møtet. Det føreligge ikkje sakspapirer ved innkallinga:

Orientering om budsjett 2024:

Budsjettet for 2024 er likt som for 2023, indeksskorrigert. 211 elevar ved barnskulen (1.okt 2023) – budsjettert med 212 til neste år. SFO (1. okt 2023) 55 elevar – budsjettert med mellom 50 og 60 elevar til neste år. Skulen planlegg for ei teneste med høg kvalitet og har difor ulike program for pedagogisk utviklingsarbeid, ma. Dekomp. Satsingar på lesing i alle fag, godt digitalt utstyr, godt arbeidsmiljø/skulemiljø og utemiljø.

Utfordringar: få tak i godt kvalifiserte tilsette, tid til å utvikle profesjonsfellesskapet, me kan når me vil! – jfr. FLL. Å jobbe med mangfald: stort behov for særskild norskopplæring, tilgang på språkstøtte, oppdatering av kostbare programvare, vedlikehald av bygg og uteområdet, SFO – ope frå 0700-1630, haust- og vinterferie, ei veke før og etter sommarferien – krev personell og eit godt pedagogisk innhald.

Polittisk representant Shirin K Khadoor: Det er levert eit stramt budsjett – utan store moglegheiter for fleksible ordningar. Rådmann og ordførar ønskjer ikkje å auke driftsutgiftene for mykje – ma grunna usikre konsesjonsinntekter i åra som kjem. Det er politisk diskusjon

om framtidig skulestruktur, grunna økonomi, for å nytte dei menneskelege ressursane betre,

Innspill om pris på SFO i feriene. Prisen er for høg, meiner mange, difor nyttar ein ikkje SFO tilbodet i feriane. Dette spørsmålet tek Shirin med seg til politikarane.

Representant andre Magnhild har eit spareforslag: Kjøpe inn dørpumper på alle ytterdører. I dag blir dørane ståande opne og ein får høge straumutgifter. Rektor informerer om at skulen skal vera universell og at det er ein plan for vidare arbeid med å få skulen universell.

2023/24-05

Julearrangement 2024

Skulen ynskje å lage eit arrangement for føresette. Desember 2022 var denne tilstelninga på dagtid. FAU gjev signal om at dei ynskje eit slikt arrangement på kveldstid. Skulen har sett 19. desember som ein foreløpig dato for dette arrangementet. SU/SMU må ta stilling til om det skal vera på dagtid eller kveldstid. Eit arrangement på kveldstid utløyser ein avspaseringsdag for tilsette og ein fridag for elevar.

Til avgjerd:

- 1. Arrangementet er på dagtid.*
- 2. Arrangementet er på kveldstid – elevane avspaserer ein dag – kva dag?*

Skulen v/rektor sender ut ei undersøking på Visma. Kva vil foreldra ha? Ved alt. 2, vert siste skuledag onsdag 20.12.

2023/24 – 06

First Lego League:

Elevar på trinn 6 og 7 har denne hausten delteke i eit prosjekt kalla First Lego League. Laurdag 11. november er det finale på Tysnes. Alle elevane på 6 og 7 deltek. For dette arbeidet får dei kompensert to ekstra dagar fri. Kva dagar skal det vera?

Vedtak: fridagar for tilsette som deltok på Tysnes den 11. november blir: Torsdag 02.05.2024 og fredag 03.05.2024